

kultur

stkultur@avis-a-st.no

UKM-utstilling

SKAUN: De som ikke fikk anledning til å se de flotte bildene som deltok i kunststelen under årets UKM i Skaun har sjansen til å se en nærmere titt på dem denne uka. Alle bildene er nemlig utstilt i tredje etasje på Skaun rådhus fra 15. - 19. februar.

” No trampar dei rett uti alle aktuelle og kontroversielle saker i Meldal, og ingen ting vart pakka inn. SIs anmelder

Opptur med Nå Kor



Jakten på Kjærligheten. Bonde med nedlagt småbruk og utlagt tarm. F.v.: Ole Edward Sandvik, Tora Voll Dombu og Maja Lo.



Gustav Stokkli som lakselus.

Både Orkla og lokale politikarar fekk så barten til ordføraren flagra i Nå Kors analoge TV-kveld, som vart ei fornøyeleg revyforestilling.

Ambisjonen vår er å gjøre deg glad – song Nå Kor til landeplagen «Ambitions», og drog i gang revyen som hadde fått tittelen «Analog TV-kveld» or ein fullsett sal i ådrettsbygget på Løkken Verk laurdag kveld. Og etter ein litt nølende start prega av store lydproblem, var det ikkje vanskeleg å bli glad. Eit ungt og friskt ensemble med både nye fjes og veteranar leverte eit show med friske, nye tonar og ikkje minst eit frekkere innhald. Og dessutan har dei ei barnegruppe som viser svært gode revyaktarar.

Nå Kor har tidlegare vore svært forsiktede med å trø nokon på terne, men no trampar dei rett uti alle aktuelle og kontroversielle saker i Meldal, og ingen ting vart pakka inn.

Både politikarar og andre kjendisar vart nemnt med namn og parodiert. Skolekaka – ei eller to skoler – var eit gjennomgangstema – der vi kunne flire av alle

partar utan slagside. Vi hurra av lakselusa, spesielt sugeteknikken til Gustav Stokkli og hans medlusa, Håkon Dollis, som hadde store planer om lakselustefestival på Aunan. Det var også litt av kvart å finne for barna i den midlertidige barnehagen på Bjørnli. «Oppe er det leiking. Nede er det bar», eit talande refreng.

Vandretateeret «Kjøppar og slags» frå Nyplassen i fjor sommar, vart i parodien til «Kopper og kar», og vart lagt til oppvassmaskinas tidsalder. I staden for Hotel Caesar besøkte Nå Kor-TV, «Hotel Orkla» – Et hotell for oss – men ikke for deg – der oldfrua (Liv Inger Skjølvold) tok hjerteleg imot Stein Erik Hagen og Mille Marie i stampen fylt med fagerlivat.

Og Orkla skulle få meir. Inspirert av Christian Falchs lenge annonserte avsløring om Orklens rolle under krigen i filmen «Kampen om Thomshavnbanen», hadde den nokså ferske

meldingen Hans Victor Wexelsen funne ut at han sjølv ville lage det, avslørende materialet frå krigen som skal vera funne djupt i Orklas arkiv. I beste Monty Python-stil hadde han laga animasjonsfilmen som «beviste» at alle frå Hamsun, til Quisling, Hitler og Djengis Kahn hadde vore på Løkken. Det vart eit hødepunkt i første akt.

Men det var i andre akt Nå Kor verkeleg tok av, og vi fekk sjå koret på sitt mest kraftfulle, og humoren på sitt frekkaste, som eit besøk hos Helge & co, dekkerservice med «kun kontant», som gikk over i ein kjemperapp om frykta for at alt skal flytte til Svorkmo. Kai Selbaeks tur som skismørar til OL fekk pulsen opp hos koret som stuka og song som heltar. Nå Kor syng om ordførar Ivar Sørstad, «som har en stor bart i fjaset som rister når'n er glad» og «Kor vart Ingrid Skarstein av, vart ho kokk igjen?». Inimellom kom det perlerferg som: «Hvis du suger for lenge på en karamell, så faller tema dine ut». Det var lokale utgåver av «Skal vi Marte Mona danse», «Andenes makt», «Jakten på kjærligheten» og sjølv-

agt Korslaget. Heile forestillinga varte i vel to og ein halv time, og det er vel eigenleg for langt. Generell oppstramning kunne gjort seg. Det største minuset var lyden, som var prega av mykje lyd frå starten til langt uti første akta. Det var også vanskeleg å få med seg teksten, spesielt i songane. Dessutan vart det litt mykje bokmål på bekostning av lokal dialekt. Musikalsk var revyen forfriskende, med mange uvante revy- og humoren på sitt frekkaste, som Jo Ranheim turnerte alt frå Donkeyboy til Leonard Cohen og Vamp. I Marita Rødssets regi gjer Nå Kor ei kjempeforestilling. Serleg i andre akta spruter det av latter og kraft. No gjer revyen det ein god lokalrevy skal gjera, trekker fram dei lokale sakene og dei lokale kjendissane og får oss til å le, utan at det blir vondsinn. Berre det er nok til å gjera i alle fall meg glad og utløyste varm og stående applaus på premieren. Nye forestillingar på Løkken 20. februar og på 27. februar.

Marte Mona danse», «Andenes makt», «Jakten på kjærligheten» og sjølv-



Litt av kvart å finne rundt barnehagen på Bjørnli. F.v.: Randi Furuhaug, Maja Lo og Liv Marit Vinje.



Litt av kvart å finne rundt barnehagen på Bjørnli. F.v.: Randi Furuhaug, Maja Lo og Liv Marit Vinje.



Ordførar i Meldal rundt. F.v.: Are Hilstad og Kathrine Nicolaisen.



I ein Monty Python-stil hadde Hans Victor Wexelsen laga eit lite «filmbesvis» for Orklens mørke gjerningar under krigen.



Andenes makt i Nå Kor drakt. T.v.: Liv Inger Skjølvold, t.h.: Linn Silje Hembre.



kjølvold, t.h.: Linn Silje Hembre.



Barnegruppa til Nå Kor blanda seg også inn i skoledebatten. F.v.: Tor Håkon, Ida Jamøy og Kristian Jonli.



Hos «Helge & co» er det «kun kontant». F.v.: Steffen Haugen og Espen Skjølvold.

Verdens beste

16. april spiller bandet Nine Below Zero i Kongressalen ved Royal Garden Hotel i Trondheim. I 1979 startet Dennis Greaves Nine Below Zero som hadde stor suksess med albumet «Live at the Marquee» sommeren 1980. Bandet turnerte blant annet med The Who og The Kinks på 80-tallet, og med Eric Clapton, Sting, Ray Davies og Brian May fra Queen på 90-tallet. Actionkongen Bruce Willis booket dem også til å spille med han. Bandet er ett av verdens mest respekterte bluesrockband som spiller kompromissløs og steinfo bluesrock.

Nettverk for musikk

Sør-Trøndelag musikkråd kaller inn til regionale nettverksmøter for å bedre samarbeidet innenfor det frivillige musikklivet. Det første møtet er førstkomende torsdag i kommunestyresalen i Orkdal. Det er tillitsvalgte innen lokale musikkorganisasjoner som er invitert.